



Bygdepakke Bø og Sauherad

Hovudprosjekt 2018-2020



Innhald

Innleiing 2

Bakgrunn	2
Politiske føringar	2
Overordna mål for hovudprosjektet	3
Kort om Bø og Sauherad	3
Resultat frå forstudien	4
Behov og utfordringar basert på funn i forprosjektet	5

Mål for hovudprosjektet 2018-2020 6

Effektmål	6
Andre effektar av prosjektet	6
Resultatmål for hovudprosjektet 2018-2020	6

Eigarskap og organisering 7

Rammer og ressursar 8

Økonomiske rammer	9
Arbeidet er organisert i 14 arbeidspakker	10

Prosjektstyring og oppfølging 25

Rapportering 25

Kommunikasjonsstrategi	26
Interessentanalyse	26
Risikoanalyse	26

Hovudprosjektplan vedtatt i styringsgruppa 2. mars 2018

Revidert i styringsgruppa 29. okt. 2018

*Illustrasjonsfoto: Peter Jørgensen og Bygdepakke Bø
Grafikk: Anneli Maria Stenman, Sauherad kommune / Midt-Telemark kommune*



Innleiing

Vi blir eit stadig meir globalt integrert samfunn der klimaendringar, migrasjon og rask teknologiutvikling stiller oss overfor komplekse utfordringar. Det er nødvendig å utvikle omstillingsevne, kunnskap og eit større fokus på berekraftige løysingar – både økonomisk, sosialt og miljømessig. Små byar og tettstader må også, på lik line med dei større byane, satse på dei beste løysingane gjennom samskaping og innovasjon for å nå klimamål og å vere attraktive. Kommunens ansvar og rolle som samfunnsutviklar kombinert med lokalt sjølvstyre og nærliek til innbyggjarane, gir grunnlag for akkurat dette; utprøving av framtidsretta, sektorovergripande og tverrfaglege løysingar med stor overføringsverdi. Bygdepakke Bø og Sauherad er eit unikt utviklingsprosjekt som utforskar og utviklar lokale løysingar gjennom samskaping med lokale, regionale og statlege samarbeidspartnarar.

Bakgrunn

Bygdepakke Bø kom i gang som eit utviklingsprosjekt med mål å roppnå nullvekst i personbiltrafikken gjennom Bø sentrum fram mot 2030. Prosjektet starta med ein forstudie i 2015-2016, forprosjekt i 2016-2017 - og blir nå vidareført i det treårige hovudprosjektet Bygdepakke Bø og Sauherad frå 2018 der Sauherad kommune har gått inn som partnar ved sidan av Bø kommune. Prosjektet er godt forankra på tvers av ulike etatar og forvaltningsnivå med Jernbanedirektoratet, Fylkesmannen i Telemark, Statens vegvesen, Bane NOR og Telemark fylkeskommune representert i strategisk styringsgruppe og arbeidsgruppe i tillegg til representantar frå dei to kommunane. Prosjektet samarbeider også med ulike aktørar som til dømes Distriktsenteret, Transportøkonomisk institutt, Høgskulen i Søraust-Noreg, Sentrumsringen i Bø, grunneigarar, skular, insitusjonar og frivillige organisasjonar.

Prosjektet har hittil vist til sterkt gjennomføringskraft og gode resultat¹, og det ligg føre ein omfattande kunnskapsportefølje² og eit aktivt aktørnettverk. Det er gjennomført ulike kampanjar, medverknadsopplegg og fleire fysiske tiltak er ferdigstilt. Det er ingen tvil om at Bygdepakka og Sykkelbygda har fått mye merksemeld både lokalt, regionalt og nasjonalt - ikkje minst gjennom forskingsprosjektet *Bygdepakke Bø. Et forprosjekt om utvikling av klimavennlige og attraktive bygder* (TØI, 2017), *Bø stasjon 2030. En mulighetsstudie* (Rambøll 2017) og opprustinga av Stasjonsvegen i Bø sentrum (SVV/Tfk 2017) – og ein etterlengta gang- og sykkeltrasé langs Rv 36 mellom Bø og Gvarv som er under planlegging med realisering tidleg på 2020-talet. Samla sett har dette ført til meir fokus på heilsakleg areal-, transport- og mobilitetsplanlegging på mindre stader, men også auka interesse for å endre reisevaner hos innbyggjarane. Når Bø og Sauherad nå slår seg saman, har vi ein unik sjanse til å implementere ny kunnskap og ny praksis for tverrfagleg samarbeid i bygging av den nye kommunen.

Politiske føringar

Bø og Sauherad skal slå seg saman frå 1.1. 2020 og namnet skal vere Midt-Telemark kommune, ein kommune som vil få om lag 10000 innbyggjarar. I intensjonsavtalen som er lagt til grunn, har

¹ Jf. Sluttrapporten for forprosjektet *Bygdepakke Bø, Bø kommune 2017*

² <http://www.bo.kommune.no/tenester/plan-miljo-og-utvikling/utviklingsprosjekt/bygdepakke-bo/>

fellesnemnda lagt vekt på at den nye kommunen skal utvikle klimaeffektive løysingar basert på grøne verdiar og mål om betre folkehelse og gode oppvekstvilkår.

Bygdepakke Bø og Sauherad skal med dette som utgangspunkt, vere eit fyrtårnsprosjekt i prosessen med å bygge Midt-Telemark kommune. Bygdepakka skal konkret bidra med kunnskap og nye samhandlingsarenaer for areal- og transportplanlegging, mobilitet og folkehelse, med særleg fokus på tilrettelegging for sykkel og gange, styrking av kollektivknutepunkt, samt utvikling av sosiale og trygge møteplassar og bustadmiljø. Dette er også aktuelle tema i kommuneplanens samfunnsdel for ny kommune som er under utarbeiding i 2018.

Kommunestyra i Sauherad og Bø gjorde hhv 14. september og 18. september 2017, samråystes vedtak om å vidareføre Bygdepakke Bø og Sauherad i eit treårig hovudprosjekt. Finansiering av prosjektleiing i spleiselas mellom dei to kommunane med 800.000,- per år frå Bø og 400.000,- per år frå Sauherad, blei vedtatt i budsjetta for 2018 og i økonomiplanen for 2019 og 2020.

Ei samla styringsgruppe vedtok i møte 21. september 2017 ei vidareføring av prosjektet med ønskje om å involvere Sauherad kommune i hovudprosjektet. Styringsgruppa gjorde også vedtak om at hovudprosjektplanen skal reviderast og behandlast på nytt tidleg i 2018.

Bø kommune og Sauherad kommune har signert samarbeidsavtaler (2017-2020) med Telemark fylkeskommune for perioden 2017-2020. Bygdepakka mellom anna med tilrettelegging for auka kollektiv- og sykkelbruk, er eit sentralt samarbeidstiltak i begge avtalene. Begge kommunane vil prioritere arbeidet med å bli sertifisert som Trafikksikker kommune. Det er også inngått ein gjensidig forpliktande sykkelbygdavtale mellom Bø kommune, Telemark fylkeskommune og Statens vegvesen, og det blir arbeidd med ein tilsvarande avtale for Sauherad kommune i 2018.

Overordna mål for hovudprosjektet

Det overordna målet for hovudprosjektet er å oppnå nullvekst i lokaltrafikken i Bø sentrum og å få fleire til å sykle, gå og reise kollektivt i og mellom attraktive tettstader i den nye kommunen. Hovudprosjektet bygger direkte på resultat og funn frå Bø i forstudien og i forprosjektet. Mye er overførbart, men i hovudprosjektet skal Sauherad kommune fastsette mål og tiltak basert på kunnskap om forhold i Sauherad.

Kort om Bø og Sauherad

Sauherad kommune har om lag 4300 innbyggjarar fordelt på fleire levande tettstader med mindre enn 1000 innbyggjarar i kvar. Gvarv er skule-, helse- og handelssenter i Sauherad, medan dagens kommuneadministrasjon er lokalisert til Akkerhaugen. Sørlandsbanen og Bratsbergbanen er viktige for kollektivtransport og godstransport. Nordagutu stasjon er knutepunkt med persontogstopp for trafikk på begge dei to banane. Toget stoppar ikkje på Gvarv stasjon, men Gvarv er eit naturleg kollektivpunkt for bussforbindelsen mot Notodden, Grenland, Bø sentrum og vestover. Auka busetting og næringsetablering nært kollektivknutepunkta og betre tilrettelegging for sykkel og gange i tettstadene, er eit mål i Sauherads kommuneplan. Sauherad er særleg kjent for satsing på fruktodling og foredling i Fruktbygda, eit levande kulturlandskap, eit aktivt reiseliv rundt Norsjø, stolte folketradisjonar og eit sterkt kunstnarmiljø. Sauherad er den kommunen i Telemark med størst verdiskaping i landbruket.



Bø er eit attraktivt regionsenter midt i Telemark, ein liten kommune i sterkt vekst (30 % vekst siste 30 åra og i følgje SBB, ein av kommunane i landet med sterkest vekst i 2017). Spesielt ved dette er at folketalsveksten i Bø har vore sterkt over lang tid og dei framskrivne prognosane syner at denne utviklinga truleg skal halde fram. Bø kommune har i dag om lag 6500 innbyggjarar, eit kompakt handelssentrums, der også vidaregåande skule og campus for 3000 studentar ved Høgskulen i Søraust-Noreg er lokalisert. Sjølv om kommunen har god arealtilgang og aukande press på å utnytte areal omkring, blir det jobba systematisk mot spreiing og tapping av tenester og funksjonar i sentrum. Det blir ført ein streng politikk i tråd med dagens sentrumsgrense, og det er ikkje etablert kjøpesenter for detalvjarehandel utanfor sentrumsgrensa. Avstand til Gvarv er 7 km og til Grenland 50 km (Skien og Porsgrunn). Bø stasjon er eit hektisk knutepunkt for reisande på Sørlandsbanen og ekspressbussar mellom Oslo, Bergen/Haugesund og til Notodden, Seljord, Grenland og Vestfold. Bø er kjent for Bø sommarland, Gullbring kulturanlegg, handel og reiseliv, Lifjell, høgskolen, sterke kompetansemiljø, eit mangfaldig kultur- og idrettsliv og levande folketradisjonar.

Bø vil bli kommunesenteret i Midt-Telemark kommune frå 1.1.2020. Tettstadene i den nye kommunen og omlandet samspelar godt på mange område, i passe avstand for sykling og vandring langs grøne gangar, Telemarkskanalen, elver og vatn i Midt-Telemark.



Resultat frå forstudien

Resultat frå forstudien var førande for forprosjektets innretning, mål, strategiar og tiltak. I forstudien blei det gjennomført ei rekke kartleggingar og analyser som samla sett gir oss kunnskap om trafikkmønster, gang- og sykkelandel, sykkelvegar og snarvegar, trafikkfarlege punkt, avstandar frå bustadområda til sentrum og om fortettingspotensialet. Det blir stadfesta at 80-90 % av personbiltrafikken i Bø sentrum er lokaltrafikk - i ein miks av besøkande til Bø, pendlarar inn og ut og bygdas eigne innbyggjarar på veg til skule, barnehage, arbeid, handel og fritidsaktivitetar. Resultata viser vidare at det er eit stort potensiale i å auke gang- og sykkelandelen av arbeidsreiser, i og med at heile 75% av dei som arbeider i Bø sentrum bur innanfor sykkelavstand til jobben, og at fortettingspotensialet er stort nok til at heile den forventa befolkningsveksten fram mot 2030 kan plasserast innanfor sentrum.



Behov og utfordringar basert på funn i forprosjektet

1. Behov for å sjå nærmere på overordna strukturar og utvikling av gode byrom ved fortetting. (Rettleiande plan for fortetting og offentlege rom, VPFOR).
2. Behov for å betre organisering av parkeringstilbodet for å redusere bilbruk mellom målpunkt i Bø sentrum og for å unngå unødvendig arealbeslag til parkering. Ny parkeringsnorm vil vere eit viktig tema i rullering av områdereguleringsplanen for Bø sentrum.
3. Behov for å etablere og vedlikehalde prioriterte og samanhengande gangakser og sykkeltraséar i sentrum og inn mot sentrum – med fokus på skilting, trygg skuleveg, sikre kryssingspunkt og godeforhold for kvardagssyklisten. Gjennomføring av prioriterte tiltak i temaplan for sykkel (2017-2021) blir ei eiga arbeidspakke i hovudprosjektet.
4. Utvikling av eit attraktivt og integrert kollektivknutepunkt med konkrete tiltak for å skape eit godtbyrom, utvide parkeringskapasiteten for bil og sykkel og avklare framtidig lokalisering av ny tømmerterminal. Dette arbeidet er føreslått vidareført i eit forprosjekt som del av hovudprosjektet.
5. Avklaring av funksjonar og framtidig utforming av Riksveg 36 Bøgata, med mål å skape gode byrom for å redusere interntrafikken og dermed auke kapasiteten for gjennomfartstrafikken, er avgjerande for vidare utvikling av eit attraktivt Bø sentrum. Dette må utgreiast i ein studie som m.a. skal danne grunnlag for den nye områdereguleringsplanen for Bø sentrum. Bøgata må samstundes ivareta sær preg som døme på nasjonale gater og plassar (2014).
6. Å satse tungt på kampanjar, kommunikasjon og medverknad er avgjerande for å lukkast med å nå målsettingane. I hovudprosjektet vil det m.a. vere aktuelt å invitere Sauherad kommune med og å satse meir på samhandling med næringslivet og frivillig sektor på ulike nivå i gjennomføring.
7. Bygdepakke Bø skil seg frå bypakkene og byvekstavtalar ved at det er eit pilotprosjekt utan statleg grunnfinansiering. Det er behov for å vidareføre eit forpliktande og strategisk samarbeid i partnarskap med ulike forvaltningsnivå og aktørar for å sikre gjennomføringskraft og finansiering av tiltak. Å sikre finansiering vil måtte vere eit prioritert tiltak i hovudprosjektet.
8. Bø og Sauherad kommunar har behov for for å samordne og førebu tiltak i Midt-Telemark kommune og avdekke tiltak som er viktige også for dagens Sauherad kommune.
Tettstadstrukturen i Sauherad er meir fleirkjerna, og vil på sikt ha lokalsenterfunksjon med ulike roller og sær preg i den nye kommunen.



Mål for hovudprosjektet 2018-2020

Det overordna målet for hovudprosjektet er nullvekst i lokaltrafikken i Bø sentrum og å få fleire til å sykle, gå og reise kollektivt i og mellom attraktive tettstader i den nye kommunen.

Effektmål

- Nullvekst i lokal personbiltrafikk i Bø sentrum frå 2015-nivå til 2030
- Auke i gangandel og kollektivdel i ny kommune minimum i tråd med nasjonale mål
- Auke i sykkelandelen i ny kommune minimum i tråd med nasjonale mål (9 % i Bø 2016)
- Styrke kollektivknutepunkta Nordagutu, Gvarv og Bø
- Fortette med kvalitet bustader og sentrumsfunksjonar i Gvarv og Bø

Andre effektar av prosjektet

- Betra folkehelse og endra haldningar til bilbruk og miljøvenleg transport i ny kommune
- Reduserte klimagassutslepp frå biltrafikk
- Auka attraktivitet og funksjonalitet for Bø som regionalt tyngdepunkt og kommunesenter

Resultatmål for hovudprosjektet 2018-2020

- Etablert testordninga *Prøv ein elsykkel!* for auka elsykkelbruk 2018-2020.
- Gjennomført prioriterte tiltak i temaplan for sykkel for Bø kommune 2017-2020.
- Etablert faste aktivitetar og kampanjar i Bø og Sauherad 2017-2020.
- Det er utarbeidd temaplan for sykkel i Sauherad kommune, det er gjennomført tiltak i tråd med handlingsdelen og Sauherad har signert sykkelbygdavtale med Telemark fylkeskommune og Statens vegvesen.
- Gjennomført mulighetsstudie for fortetting på Gvarv.
- Gjennomført tiltak på kollektivknutepunkta i Sauherad.
- Det er utarbeidd mulighetsstudie for utforming og funksjon Bøgata - med forslag om vidarføring i forprosjekt 2018-2019 og forankring i områdereguleringsplan for Bø sentrum.
- Gjennomført etappe 1 av fase 1 i studie for kollektivknutepunktet Bø stasjon 2018.
- Det er utarbeidd parkeringsstrategi for Bø sentrum 2018.
- Det er fastsett og nådd måltal for sykkel, gange og kollektiv 2020.
- Det er gjennomført forskingshovudprosjekt med tema Bygdepakker for attraktiv og klimavennlig stedsutvikling 2018-2020 med Bø kommune som prosjekteigar i samarbeid med TØI som prosjektleiar og andre aktørar. Bø og Sauherad har deltatt som casekommunar.
- Det er utarbeidd ein mobilitetsstrategi for Midt-Telemark.
- Det er utarbeidd Rettleiande prinsipplan for fortetting og offentlege rom (VPFOR)
- Forankring og finansiering av ressurs til prosjektleiing og dei ulike ubyggings- og driftstiltaka er lagt inn i kommunens og aktuelle partnarar sine budsjett og handlingsplanar. Alternative og eksterne finansieringskjelder er utgreidd og omsøkt.



Eigarskap og organisering

Prosjekteigar(PE): Kommunestyret Bø kommune og kommunestyret Sauherad kommune

Prosjektansvarleg (PA): Åse Egeland, rådmann Bø kommune og Sauherad kommune

Prosjektleiar (PL): Hilde Pedersen, kultursjef Bø kommune

Styringsgruppe (SG):

Åse Egeland, leiar

Hans Bakke, miljøverndirektør Fylkesmannen i Telemark

Knut Duesund, leiar av hovudutval for samferdsel Telemark fylkeskommune

Mette Haugholt, ordførar Sauherad kommune

Olav Kasland, ordførar Bø kommune

Tore Kaurin, avdelingsdirektør Statens vegvesen Vegavd. Vestfold og Telemark (vara Eivind Gurholt)

Vidar Lofthus, kommunalsjef teknisk Bø kommune og Sauherad kommune

Ove Skovdahl, seksjonssjef Regional samhandling Jernbanedirektoratet

Hildegunn Sørbø, samferdselssjef Telemark fylkeskommune

Arbeidsgruppe (AG):

Hilde Pedersen, leiar

Svein Olav Ellingsen, prosjektsjef Bane NOR

Lene Hennum, rådgivar Telemark fylkeskommune

Dag Steinar Ragvin, rådgivar Statens vegvesen

Andes Mydland, Fylkesmannen i Telemark

Otto Christian Dahl, rådgivar Sauherad kommune

Kristin Karlbon Dahle, planleggar Bø kommune

Sindre Flø, konsulent og prosjektleiar Sykkelsbygda Bø

Representant frå næringslivet i Midt-Telemark (kjem på plass hausten 2018)

Prosjektgruppe (PG):

Hilde Pedersen, leiar

Otto Christian Dahl

Kristin Karlbon Dahle

Sindre Flø

Partnarar og samarbeid

Telemark fylkeskommune, Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet, Bane NOR, Fylkesmannen i Telemark, Sauherad kommune og Bø kommune er partar i prosjektet. Partane har ansvar for å følge opp målsettingar og føringer i overordna planar for samordna areal og transport. Partane har ansvar for å prioritere møte og arbeid i styringsgruppe og arbeidsgruppe. Partane har elles særskilt ansvar for å bidra med arbeidsinnsats innanfor sine fagfelt. For å involvere fleire næringslivsaktørar og frivillige i prosjektet vil det bli oppretta ad-hoc-grupper innanfor dei ulike arbeidspakkene.



Rammer og ressursar

Aktivitetane i prosjektet blir finansiert ved eit spleislag mellom partane (finansielle bidrag og eigeninnsats) og ekstern finansiering. Dei enkelte aktørane må avklare si deltaking i sine respektive budsjettbehandlingar. Handlingsrommet i prosjektet avhenger i stor grad av kva ein kan få finansiert gjennom eksterne søknadar.

Telemark fylkeskommune, Fylkesmannen i Telemark, Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet, Bane NOR og Bø kommune bidrar med fagpersonar i arbeidsgruppa for prosjektet og i varierande grad, med fagleg bistand og støtte i spleislag til gjennomføring av tiltak. Bø kommune og Sauherad kommune bidrar med økonomisk ressurs (tilsaman 1,2 millionar per år), faglege og administrative ressursar, prosjektleiar og prosjektansvarleg. Fylkesmannen deltar i arbeidsgruppe og styringsgruppe. Telemark fylkeskommune, Jernbanedirektoratet/Bane NOR og Vegvesenet deltar i arbeidsgruppe og styringsgruppe i tillegg til fagleg bistand i konkrete tiltak. Det blir utrekna verdi av partnerane sine bidrag i styringgruppe, arbeidsgruppe, prosjektgrupper og ulike tenester som grunnlag for å synleggjere prosjektets reelle omfang.



Økonomiske rammer

Budsjett for dei respektive arbeidspakkene er utarbeidd og blir oppdaterte når konkrete finansieringsopplegg og svar på søknadar ligg føre. Oversikten under er sett saman av tal frå budsjetta frå kvar av dei fjorten arbeidspakkene og må sjåast på som rettleiande. Det er stor usikkerheit når det gjeld finansiering av tiltak lenger fram i prosjektet. Det er difor her bare presentert eit grovmaska budsjettoppsett for 2018. Prosjektplanen blir revidert ved årsskiftet 18/19 med forslag til budsjett for 2019 på bakgrunn av resultat frå 2018.

Økonomisk oversikt 2018

	Arbeidspakker (AP)	Estimerte kostnader 2018	Finansierings-behov i 2018	Aktuelle finansieringskjelder
AP1	Prøv ein elsykkel! (AP er fullfinansiert med Klimasatsmidlar og eigeninnsats med hovukostnadsbelastning i 2018)	600.000	0	
AP2	Temaplan for sykkel Bø – investering (SVV og Bø kommune)	5.200.000	0	
AP3	Sykkelkampanjar Bø og Sauherad	150.000	50.000	Næringsfond og Trafikksikkerhet midlar
AP4	Temaplan for sykkel Sauherad – fullfinansiert	100.000	0	
AP5	Mulighetsstudie - fortettingspotensiale Gvarv (eigne midlar Bygdepakka)	400.000	300.000	Bygdepakka og Klimasats-søknad 2018
AP6	Kollektivknutepunkt Sauherad	350.000	200.000	Spleiselas partnarar
AP7	Parkeringsstrategi Bø sentrum – fullfinansiert (Bø kommune)	160.000	0	
AP8	Forprosjekt Bø stasjon – investering	Under arbeid	Under arbeid	Spleiselas partnarar
AP9	Milighetssstudie Bøgata – fullfinansiert (SVV)	285.000	0	
AP10	Måltal for sykkel, gange og kollektivbruk	400.000	300.000	Spleiselas partnarar
AP11	Mobilitetsstrategi for Midt-Telemark - forprosjekt	700.000	600.000	Spleiselas partnarar
AP12	Forskningsprosjekt - Tettstedspakker for attraktiv, inkluderende og klimavennlig stedsutvikling – (søknad 2018-2020 sendt februar 18)	1. 300.000	670.000	Oslofjordfondet og Forskningsrådet
AP13	Rettleiande plan for fortetting og offentlege rom (Tfk, Bygdepakka, Bø kommune)	300.000	0	
AP14	Strategi, styring og kommunikasjon (lønn og adm. drift – Bø og Sauherad kommunar)	1.200.000	0	
Sum NOK		11.145.000	2.120.000	

Arbeidet er organisert i 14 arbeidspakker

1. Prøv ein elsykkel!
2. Temaplan for sykkel Bø kommune
3. Sykkelkampanjar Bø og Sauherad
4. Temaplan for sykkel Sauherad kommune
5. Mulighetsstudie - fortettingspotensiale Gvarv
6. Utvikling av kollektivknutepunkt i Sauherad kommune
7. Parkeringsstrategi for Bø sentrum
8. Forprosjekt Bø stasjon
9. Mulighetsstudie Bøgata – utforming og funksjon
10. Måltal for sykkel, gange og kollektivbruk
11. Mobilitetsstrategi for Midt-Telemark – eit forprosjekt
12. Forskningsprosjektet Tettstedpakker for attraktiv, inkluderende og klimavennlig stedsutvikling
13. Rettleiande plan for fortetting og offentlege rom
14. Strategi, styring og kommunikasjon (prosjektleiing)

Under følger eit prosjektark med kort informasjon om kvar av arbeidspakkene.



Arbeidspakke 01

Prøv ein elsykkel!

Ansvarleg: Bygdepakka	Status 16.10.2018:	Prosjekt:
Sindre Flø	Fullfinansiert. Starta.	Hovudprosjekt 2018-2020

Innheld og oppgåver: Bygdepakke Bø og Sauherad ønskjer at innbyggjarane enklare skal kunne ta klimavenlege val og erstatte bilkøyring med elsykkel. Dette vil vi gjere i samarbeid med Sentrumsringen, Bø blad og Universitetet i Sørøst-Noreg, gjennom ei felles kampanje over tre år med mål om å lokke fleire til å teste og kjøpe elsykkel. Ordninga går ut på at kunden kan låne elsyklar i 7 dagar for å teste ut om elsykkel vil fungere for deira behov. Registreringssystem og forsikringsordning blir utgreidd.

I Bø er universitet, skuler, barnehagar, bedrifter og handel lokalisiert i eit sentrum som ligg i dalbotnen, med bustadområda i sykkelavstand oppover i åssidene. Det er lett å sykle til jobb og skule, men heimturen blir bratt og tung. Dei fleste av dei ca 2500 studentene som bur i Bø, har sykkelavstand til campus. I følgje potensialundersøkinga i forstudien av Bygdepakke Bø, har 76 % av innbyggjarane i Bø sykkelavstand til jobb og skule. Plassering av bustadområder, skular og andre funksjonar og topografi i Bø, gjer at vi meiner at elsyklar vil kunne erstatte bil nummer to, og dermed betre folkehelsa og redusere bilbruken og utslepp pr husstand betydeleg. I prosjektet vil det vere naturleg å innlemme innbyggjarane i testinga også.

Leiar: Sindre Flø	Arbeidsgruppe: Helle Friis Knutzen(HSN), representat/Ole Johan Natadal (Sentrumsringen), Jan Einar Brukås (Brukås Sport), Hilde Nesje (Bø blad), Hilde K. Pedersen (Bygdepakka).
--------------------------	--

Mål: Å redusere lokaltrafikken i Bø sentrum, og auke andelen som vel å erstatte bil nummer to med elsykkel i dagleg bruk.

Framdriftsplan:

- Etablere utlånsordninga m/ kampanjemateriell april 2018.
- Kick-off «Prøv ein elsykkel!» april 2018.
- Lage og markedsføringsvideo, vår 2019
- Gjennomførast årleg i sommarhalvåret 2018, 2019 og 2020.

Budsjett 2018-2020:

<i>Kostnad</i>		<i>Finansiering</i>	
Etablering utleigeordning	350.000,-	Klimasats	450.000,-
Markedsføring	150.000,-	Eget arbeid	450.000,-
Prosjektleddelse	400.000,-	Sum	900.000,-
Sum	900.000,-		

Grensesnitt mot andre arbeidspakker:

Henger tett saman med arbeid i Sykkelbygda – Temaplan for sykkel og øvrig kampanjearbeid for å motivere til auka sykkelbruk.



Arbeidspakke 02

Temaplan sykkel for Bø

Ansvarleg: Bø kommune Sindre Flø	Status 16.10.2018: Fullfinansiert 2018. Starta. Arbeider med finansiering 2019.	Prosjekt: Hovudprosjekt 2018-2020
--	---	---

Innheld og oppgåver: Statens vegvesen Region sør har inngått sykkelbygdavtale med Bø kommune (2015) og er i ferd med å få plass tilsvarende for Sauherad kommune (2018) og Telemark fylkeskommune. Avtalene forpliktar SVV og TFK til å arbeide saman med Bø og Sauherad kommunar for å utvikle og oppgradere hovudnett for sykkel og drive aktivitet som fremjar sykkel som framkomstmiddel. Kommunane forpliktar seg til ei langsiktig satsing på sykkel.

Arbeidet med Sykkelbygda Bø vil styrke Bygdepakke Bø si satsing på nullvekst i lokaltrafikk og ønskje om eit meir attraktivt sentrum. Difor er prosjekta slått saman for å lette/effektivisere prosjektarbeidet.

For å konkretisere arbeidet med hovudnett for sykkel, har Bø kommune utarbeida ein eigen temaplan for sykkel, med handlingsplan for sykkelanlegg. Sauherad skal utarbeide eigen plan i 2018. Sjå eigen arbeidspakke for temaplan for sykkel Sauherad.

Leiar: Sindre Flø	Arbeidsgruppe: Sykkelbygdkoordinator, driftsleiar teknisk eining, arealplanlegger, og TFK.
-----------------------------	--

Mål: Forbedre fysisk tilrettelegging for syklande i tråd med vedtatt sykkelplan.

Framdriftsplan:

Viser til tiltaksplan i Temaplan for sykkel i Bø, 2017.

2018 – oppgradere sykkelanlegg Bordvegen

2018 – avklare kva som skal til for å oppgradere vedlikehaldet i tråd med temaplan for sykkel.

2019 – oppgradere vinter- og sommarvedlikehald.

2019 – utvide sykkelparkering ved Bø skule

2020 – etablere samband mellom Kåsinvegen, forbi Maurtua barnehage og fram til Stabbursåsen.

2021 – oppgradering av GS-veg Stabbursåsen – Bø skule

Viser til tiltaksplan i Temaplan for sykkel i Bø, 2017.

Budsjett 2019:

Investeringskostnader

Sykkelparkering Bø skule 600.000,-

Sum 600.000,-

Finansiering

Tiltak for økt sykkelbruk SVV 300.000,-

Eigne investeringsmidlar 300.000,-

Sum 600.000,-

Grensesnitt mot andre arbeidspakker:

Bøgata, Sykkelkampanjar og Prøv ein elsykkel

Utfyllande opplysningar:

Bø kommune har fått tilslagn om 2,7 mill i støtte til gang- og sykkelanlegg i Bordvegen frå tilskotsordninga Tiltak for økt sykkelbruk hos Statens vegvesen. Arbeidet er i gangsatt og skal vere ferdigstilt i 2018. For 2019 er det søkt om støtte til sykkelparkering ved Bø skule, som vil bli gjennomført dersom tiltaket blir prioritert inn i budsjettplan Bø kommune 2019.

Budsjett for anleggsarbeid i 2019 og 2020 i tråd med handlingsplanen blir presentert etter kvart som prosjekta blir kostnadsrekna. Det vil bli søkt om midlar frå Tiltak for økt sykkelbruk også i 2020.



Arbeidspakke 03

Sykkelkampanjar Bø og Sauherad

Ansvarleg: Bygdepakka / Sykkelbygda Sindre Flø	Status 16.10.2018: Skal søke næringsfond. Starta.	Prosjekt: Hovudprosjekt 2018-2020
--	--	---

Innhald og oppgåver:

Arbeidet med Sykkelbygda er ei langsiktig satsing der Bø kommune skal arbeide med å fremje bruk av sykkel som framkomstmiddel. Dette arbeidet er forankra av sykkelbyavtalen mellom SVV Region Sør og Telemark fylkeskommune. I oppstartsfasa er dette arbeidet organisert som eit delprosjekt i Bygdepakke Bø, med eit mål om å bruke prosjektfasa til å opparbeide seg erfaringar og etablere ei arbeidsform for langsiktig drift av Sykkelbygda. Det er utarbeida eigen kampanjeplan for sykkelbygda Bø, som også skal gjennomførast i Sauherad i 2018-2020.

Leiar: Sindre Flø	Arbeidsgruppe: Samansetting ikkje klar, men bør ha med represenantar frå oppvekst, folkehelse, personal og kommunikasjon i Bø/Sauherad kommunar. Ressursgruppe: Bjørn Nordbø, Morten Danielsen (Skarphedin sykkelgruppe), Sentrumsringen, Frode Bergan (HSN), sykkelrepresentant frå Sauherad, Kristin Karlbon Dahle og representant (Tfk), «Masekoppene på Akkerhaugen» og andre aktuelle frivillige ressurar i Sauherad.
--------------------------	--

Mål: Motivere til auka sykkelbruk til jobb- og skulereiser.

Framdriftsplan:

Desse kampanjane skal gjennomførast årleg i Bø og Sauherad for å motivere til å sykle til skule og jobb:

- Alle barn sykler. Sykkelkurs for 4. klasse – mai
- Sykle til jobben-aksjonen for alle innbyggjarar – april-juni
- På farta til skolen, alle barne og ungdomskular i Bø og Sauherad – august/september
- Europeisk Mobilitetsuke – 16.-22. september
- Sykkelmekkedager – Første helg etter påske og lørdag i Europeisk mobilitetsuke
- Vintermekkedag ved HSN – november

Budsjett 2018-2020	Kampanjekostnader 2018, 2019, 2020	Finansiering
Lisensar og avgifter	180.000,-	Ikkje finansiert Behov eksterne tilskot
Marknadsføring	60.000,-	150.000,-
Premiar	60.000,-	Eigne midlar BP 150.000,-
Administrasjon	150.000,-	Eige arbeid 150.000,-
Sum	450.000,-	Sum 450.000,-

Grensesnitt mot andre arbeidspakker: Sykkelplan, elsykkelkampanje

Utfyllande opplysningar:

Det er utarbeidd eigen kampanjeplan for sykkelbygda Bø, som også skal gjennomførast i Sauherad i 2018.



Arbeidspakke 04

Temaplan sykkel for Sauherad

Ansvarleg: Sauherad kommune Sindre Flø	Status 16.10.2018: Fullfinansiert. Starta.	Prosjekt: Hovudprosjekt 2018-2020										
Innhald og oppgåver: Det skal utarbeidast ein sykkelplan for Sauherad. Planen skal: <ul style="list-style-type: none"> • legge til rette for et attraktivt, funksjonelt og trygt sykkelnett i Sauherad gjennom å identifisere dei viktigaste hovudrutene for sykling og fastsette mål for tilrettelegging langs desse rutene. • gi retningsliner for korleis kommunen skal arbeide for attraktive sykkelvegar som gir syklistane god framkome. Oppgåver: <ul style="list-style-type: none"> ○ Gjennomføre Barnetråkk og framstille resultat ○ Gjennomføre ATP-analyse (Vegvesenet) ○ Samanstille kartinformasjon og vise prioritert Hovudnett for sykkel ○ Tiltak- og kostnadsvurdering (inkl. synfaring?) ○ Utarbeide en handlingsdel med Investerings- og driftstiltak ○ TS-inspesjon Gvarv skule-RV 36 – og Akkerhaugen SVV/kommunale veier Sauherad kommune 												
Leiar: Sindre Flø												
		Arbeidsgruppe: Otto Christian Dahl, Kristin Karlbom Dahle, Sindre Flø, Øyvind Dag Dahle, Dag Steinar Ragvin, repr frå drift i Sauherad kommune. Andre ressursar: Ann Karin Myrland Halvorsen (Statens vegvesen), Knut Dammen (Statens vegvesen).										
Mål: Auke sykkelbruken som ferdelsmåte til/fra skule, til/fra arbeid, til/fra steds-spesifikke fritidsaktivitetar og til daglege gjeremål med med 25 % innan 2030. <ul style="list-style-type: none"> • Innbyggjarane skal etter eigne utsagn oppleve det som meir attraktivt å sykle • Større andel av ferdsel til jobb, skule og fritidsaktivitetar skal skje med sykkel. • Antall alvorlige ulykker skal ikkje auke når sykkelbruken aukar. • Tursykling i kulturlandskapet mellom tettstadene skal få auka omfang/popularitet 												
Framdriftsplan: <p>Des. 17 – feb 18: ATP-analyse, foreløpig resultat</p> <p>Mars -18: ATP analyse ferdig med oppdaterte tall</p> <p>Uke 3, -18: Barnetråkk, gjennomføring i skolene</p> <p>Uke 42 og 43: Barnetråkk, sammenstilling</p> <p>Nov. -18: Kartsammanstilling – utkast</p> <p>Jan -19: Produsere kart til Rapport (NB! Tjenestekjøp!)</p> <p>Des. -18: Beskrivelse og tilstandsvurdering - hovudnett</p> <p>Jan -19: Utarbeide forslag til handlingsdel, drift og investering</p>												
Budsjett 2018: <table> <tr> <td><i>Kostnadar</i></td> <td><i>Finansiering</i></td> </tr> <tr> <td>Utarbeide kart</td> <td>Eigne midlar</td> </tr> <tr> <td>Sum</td> <td>40.000,-</td> </tr> <tr> <td></td> <td>Sum</td> </tr> <tr> <td></td> <td>40.000,-</td> </tr> </table>			<i>Kostnadar</i>	<i>Finansiering</i>	Utarbeide kart	Eigne midlar	Sum	40.000,-		Sum		40.000,-
<i>Kostnadar</i>	<i>Finansiering</i>											
Utarbeide kart	Eigne midlar											
Sum	40.000,-											
	Sum											
	40.000,-											
Grensesnitt mot andre arbeidspakker: Sykkelplan Bø og Kampanjar												
Utfyllande opplysningar: Leiar for arbeidspakka sluttar i si stilling 6. april 2018 og det er avklart at Otto Christian Dahl sikrar kontinuitet og ferdigstilling av eventuelt gjenståande arbeid. Viktig å knytte til arbeide med Trafikksikker kommune og Aksjon skoleveg.												



Arbeidspakke 05

Analyse av fortettingspotensialet for Gvarv

Ansvarleg: Kristin Karlbon Dahle	Status: Starta	Prosjekt: Hovudprosjekt 2018-2020		
Innheld og oppgåver: Analysa skal vise korleis Gvarv kan fortettast for å møte framtidig bustadbehov i Midt-Telemark kommune og utviklast som eit levande lokalsenter med handel, næring og møteplassar for alle aldrar. Oppgåver som skal løysast i analysa:				
<ol style="list-style-type: none"> 1. Vise potensialet for fortetting med bustader og næring innanfor sentrumsgrensa til Gvarv. Analysa må forhalde seg til gjeldande planar når det gjeld høgder, legge vekt på at fortetting skal styrke møteplassar som torget og Farstadparken. 2. Konkretisere og visualisere potensialet i utvalte delområde. Prosjektgruppa vel delområde, men aktuelle område kan vere fruktlagra-Gvarv stasjon, gamle Bygdeheimen, Ketil Skogenveg 1-Gvarvgata 51. Berørte grunneigarar skal involverast i prosessen. 				
Leiar: Kristin Karlbon Dahle	Arbeidsgruppe: Arealplanleggar Sauherad kommune, byggesaksbehandlar Sauherad kommune, kommuneplanleggar Bø kommune, Telemark Fylkeskommune, Bane Nor, Gvarv vel- og næringslag			
Mål:				
<ul style="list-style-type: none"> • Analyse som viser potensialet for fortetting med bustader og næring i Gvarv sentrum. Studien vil danne grunnlag for seinare plan- og utviklingsarbeid. • Utviklingspotensialet for sentrale eigedomar i sentrum vert synleggjort og grunneigarar motivert til fortetting av sine eigedomar 				
Framdriftsplan:				
<ul style="list-style-type: none"> • Oppstart oktober 2018 • Ferdigstilling hausten 2019 				
Budsjett 2018:				
Kostnadar	<i>Finansiering</i>			
Konsulenttenester, analyse og prosess	250.000,-	Klimasatsmidlar 200.000,-		
Prosesskostnader	50 000,-	Eigeninnsats Bygdepakka 100 000,-		
Administrasjon	100.000,-	Eigne midlar Bygdepakke 100.000,-		
Sum	400.000,-	Sum 400.000,-		
Grensesnitt mot andre arbeidspakker:				
Kollektivknutepunkt Sauherad, sykkelplan Sauherad				
Utfyllende opplysningar:				
Studien skal ta utgangspunkt i:				
<ol style="list-style-type: none"> 1. Utkast til samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark 2. Gvarv sin posisjon som «frukthovudstad» Stadanalyse for Gvarv (Asplan Viak AS) i 2009, kommuneplanens arealdel (soneinndeling, tettstadsavgrensning og krav om fordeling av bustadutvikling) og utkast til strandsoneutgreiing for Sauherad (Feste 2018) 3. Prognoser for framtidig bustadbehov for Midt-Telemark kommune (2018) 				



Arbeidspakke 06

Utvikling av knutepunkt i Sauherad

Ansvarleg: Otto Christian Dahl	Status 22.10.2018: Under arbeid	Prosjekt: Hovudprosjekt 2018-2020																
Innheld og oppgåver:																		
<ol style="list-style-type: none"> 1. Knutepunkt Nordagutu – Det er trøng til å gjøre ei gjennomgang for avklaring av mogleigheter og planbehov med sikte på å identifisere aktuelle tiltak for å legge betre til rette for reisande, pendlarar, gåande og syklande i utvikling av knutepunkt Nordagutu. Arbeidet skal legge til grunn forstudie til utviklingsplan frå Feste Grenland frå 2012 og skje i samspelet mellom Sauherad kommune, TFK, SVV, BaneNor, transportaktørane og lokale interesser. 2. Knutepunkt Gvarv – Realisering av byttepunkt ved Rv36 på Gvarv må gjennomførast. Skisse for busslomme og pendleparkering for sykkel og bil ved Sjøbua kollektivknutepunkt er utarbeidd og realisering må finansierast. Det må gjerast analyse for trygg og hensiktsmessig gang- og sykkeladkomst. 																		
Leiar: Otto Christian Dahl																		
Arbeidsgruppe: Sauherad kommune (Øyvind Dag Dahle), TFK, Bane NOR, SVV																		
Mål: Utvikling av knutepunkta Nordagutu og Gvarv som styrkar langsiktig grunnlag for kollektivtilboda for innbyggjarar, næringsliv, reiseliv og besökande gjennom konkrete tiltak som betrar byttemoglegheit for reisande, pendlarparkering for bil og sykkel og universelt utforma adkomst for alle vegfarande.																		
Framdriftsplan: Knutepunkt Nordagutu – arbeid pågår og gjennomgang av grunnlag og avklaringar skal starte opp hausten 2018. Knutepunkt Gvarv – arbeid pågår og vidare framdrift avventar avklaring for finansiering.																		
Budsjett 2018-2019: <table> <thead> <tr> <th></th> <th style="text-align: right;"><i>Finansiering</i></th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Kostnadar</td> <td style="text-align: right;">Behov ekstern</td> </tr> <tr> <td>Konsulent studier</td> <td style="text-align: right;">200.000,-</td> </tr> <tr> <td>Administrasjon</td> <td style="text-align: right;">Eigne midlar</td> </tr> <tr> <td>Sum</td> <td style="text-align: right;">100.000,-</td> </tr> <tr> <td></td> <td style="text-align: right;">Eigeninnsats</td> </tr> <tr> <td></td> <td style="text-align: right;">Sum</td> </tr> <tr> <td></td> <td style="text-align: right;">300.000,-</td> </tr> </tbody> </table>				<i>Finansiering</i>	Kostnadar	Behov ekstern	Konsulent studier	200.000,-	Administrasjon	Eigne midlar	Sum	100.000,-		Eigeninnsats		Sum		300.000,-
	<i>Finansiering</i>																	
Kostnadar	Behov ekstern																	
Konsulent studier	200.000,-																	
Administrasjon	Eigne midlar																	
Sum	100.000,-																	
	Eigeninnsats																	
	Sum																	
	300.000,-																	
Grensesnitt mot andre arbeidspakker: Mobilitetsstrategi for Midt-Telemark, Sykkelplass for Sauherad, Studie og fortetting Gvarv																		
Utfyllande opplysningar: <i>Knutepunkt Nordagutu</i> - Forstudie Nordagutu er utarbeidd av Feste Grenland 2012 (Sauherad sak 11/1290) i samarbeid med Nordagutu Vel, Sauherad kommune, Vegvesenet og aktuelle grunneiere. Sauherad kommune eig eit areal aust for jernbanen som kan være aktuelt parkeringsareal. Undergang for veg er trang med omsyn til sikker gangferdsel. SVV jobbar med busslomme/kantstopp med leskur for sorgående trafikk (rapport Bussholdeplasser 2016, Fylkesveger i Telemark) (Sauherad sak 17/1315).																		
<i>Knutepunkt Gvarv</i> - Vegvesenet har utarbeida skisse til nytt byttepunkt med pendleparkering på Gvarv. Grunnerverv og finansiering må avklara. Dersom grunnerverv ikkje blir avklart må det lagast reguleringsplan. Det er satt av finansiering til oppgradering av haldeplassar langs Rv36 i handlingsprogram for NTP i 2014. Telemark fylkeskommune har byttepunkt på Gvarv som førsteprioritert i uttale til handlingsprogram for NTP (FT-sak 135/17).																		



Arbeidspakke 07

Parkeringsstrategi Bø sentrum

Ansvarleg: Kristin Karlbon Dahle	Status: Under utarbeiding	Prosjekt: Hovudprosjekt 2018-2020	
Innhald og oppgåver: I forprosjektet vart det utarbeidd ei parkeringsutgreiing (Asplan Viak). Denne skal følgjast opp i ein parkeringsstrategi der parkeringspolitikk for Bø kommune vert vedtatt. Til parkeringsstrategien skal det utarbeidast ein handelingsplan for korleis parkeringspolitikken skal gjennomførast. Avklaringar og samarbeid med andre offentlege eigarar av store parkeringsareal i Bø sentrum (USN og TFK) og private gardeigarar vert sentralt i arbeidet.			
Leiar: Kristin Karlbon Dahle			
Arbeidsgruppe: Sentrumsringen, representant for teknisk eining, Hilde Pedersen, Kristin Karlbon Dahle			
Mål: Vedtatt parkeringsstrategi med handlingsplan for Bø sentrum			
Framdriftsplan: Oppstart oktober 2017, vedtak i løpet av våren 2019			
Budsjett: <i>Kostnadars</i>			
Konsulent (Asplan Viak) 112.000,-			
Administrasjon 50.000,-			
Sum 162.000,-			
Finansiering			
Eige arbeid Bø kommune 50.000,-			
Eigne midlar 112.000,-			
Sum 162.000,-			
Grensesnitt mot andre arbeidspakker: Bø stasjon			
Utfyllande opplysningar: Parkeringsstrategien vert behandla av formannskapet, og kommunestyret fattar endeleg vedtak. Ny parkeringsnorm vedtatt i områdereguleringsplan for Bø sentrum hausten 2019. Gardeigarforening for Bø sentrum er førebels ikkje etablert, og Sentrumsringen vil difor inviterast inn i arbeidet.			

Arbeidspakke 08

Utvikling av Bø stasjon

Ansvarleg: Kristin Karlbon Dahle	Status: Under arbeid. Pkt 1-3 er gjennomført/under utføring	Prosjekt: Hovudprosjekt 2018-2020
--	---	---

Innheld og oppgåver:

I forprosjektet vart det utarbeidd mulighetsstudie for Bø stasjon (Rambøll 2017). Fase 1 viser utvikling av kollektivknutepunktet med tømmerterminal, fase 2 viser potensialet dersom tømmerterminalen vert flytt. Etappe 1 av fase 1 er utvikling utan oppgradering av bussterminalen, etappe 2 er oppgradering av bussterminalen. Det er anslått at ei enkel, mellombels versjon av etappe 1 som omfattar utviding av parkering, mellombels fortau og enkel tilrettelegging for ny taxiparkering – utan sykkelparkering og utan å flytte rundkøyring - vil koste om lag 4 mill. Sykkelhotell bør inngå i denne første opparbeidinga.

Prosjektere, gje detaljert kostnadsoverslag for og gjennomføre:

1. Utviding av p-plass inkl. ladestasjon for elbil og støttemur mot Møllevegen, mellombels fortau, ny taxihaldeplass
2. Bygge om stasjonsbygningen med serveringslokale, flytte taxi til vestsida og flytte lokaler for Bane Nor
3. Legge til rette for utbygging i tråd med studiet i områdereguleringsplan for Bø sentrum.
4. Etablere sykkelhotell
5. Avklare framtidig funksjonar/behov for areal for drift for Bane Nor ved Bø stasjon
6. Avklare framtidig lokalisering for ny tømmerterminal. Bane Nor vil lage utgreiing om framtidig lokalisering av ny tømmerterminal i Telemark
7. Prosjektere etappe 2 av fase 1

Leiar: Kristin Karlbon Dahle	Arbeidsgruppe: Erik Børjesson (Bane Nor), Svein Olav Ellingsen (Bane Nor), Tore Felland Storhaug (TFK), Hilde F Andersen (TFK), Dag Steinar Ragvin (SVV), Otto Chr Dahl, Kristin Karlbon Dahle (Bø kommune)
--	---

Mål:

1. Utvide parkeringsplassen, bygge mellombels fortau, flytte taxihaldeplassen og etablere sykkelhotell i tråd med studien (enkel versjon av etappe 1 av fase 1)
2. Detaljprosjektert oppgradering av bussterminalen (etappe 2 av fase 1)
3. Avklare framtidig lokalisering av tømmerterminal i Telemark og tidspunkt for flytting fra Bø stasjon

Framdriftsplan:

1. Desember 2018: Enkel versjon av etappe 1 av fase 1 opparbeidd
2. 2019: Framtidig lokalisering av tømmerterminal og framdrift for flytting avklart
3. 2020: Etappe 2 av fase 1 detaljprosjektert og framdrift for gjennomføring avklart

Budsjett (etappe 1 av fase 1):		Finansiering
Kostnadar		Telemark fylkeskommune 800 000,-
Prosjektering	900 000,-	Statens vegvesen 200 000,-
Utbygging	5 000 000,-	Bø kommune 500 000,-
Sum	5 900 000,-	Bane NOR 4 500 000,-
		<u>Sum</u>

Grensesnitt mot andre arbeidspakker: Parkeringsstrategi

Utfyllande opplysningar:



Arbeidspakke 09

Bøgata – utforming og funksjon

Ansvarleg: Kristin Karlbon Dahle	Status: Del A ferdigstilt, del B ikke påbegynt.	Prosjekt: Hovudprosjekt 2018-2020
--	---	---

Innheld og oppgåver:

Del A Mulighetsstudie

Studien skal vurdere ulike utformingar av Bøgata (Bø ungdomsskule-Valenkrysset) utifrå dei funksjonane gata skal ivareta og bygge opp under følgjande mål:

- Redusere konflikten mellom Bøgata som riksveg og Bøgata som sentrumsgate
- Ivareta Bøgata sine mange funksjonar

Utforming vurderast ut frå funksjonane gjennomgangstrafikk, kollektivtrasé for ekspress- og lokalbussar, skuleveg, handlegate, byrom, samlegate, atkomstveg og hovudsykkelrute. Studien danner grunnlag for områdereguleringsplan for Bø sentrum.

Del B Gjennomføring av enkle tiltak og finansiering av ombygging

- Stenging av avkøyringar frå Bøgata: Samarbeid med berørte gardeigarar om stenging av avkøyringar i tråd med mulighetsstudiet og utvikling av nye «byrom» i stengte avkøyringar
- Etablere kryssingspunkt i tråd med mulighetsstudien der det er mogleg utan full ombygging av Bøgata.
- Arbeid med finansiering og avklaring av framdriftsplan for ombygging
- Trafikkanalyse kryss Gamleveg-Gymnasbakken-rv 36 for å avklare endeleg løysing i krysset

Leiar: Kristin Karlbon Dahle	Arbeidsgruppe: Det etablerast to ulike arbeidsgrupper for dei to delane. Mulighetsstudiet: Dag Steinar Ragvin, Gro Rønningen (SVV), Lene Hennum (TFK), Børge Skårdal (Haukelivegen AS), Sentrumsringen i Bø, Hilde Pedersen, Kristin K Dahle (Bø kommune) Gjennomføring av tiltak: Dag Steinar Ragvin, Lars Gunvald Hauan (SVV), Lene Hennum (TFK), Sentrumsringen, representant frå teknisk eining, Kristin Karlbon Dahle (Bø kommune)
--	--

Mål:

Del A: Vise mulig framtidig utforming av Bøgata som:

- Reduserer konflikten mellom Bøgata som riksveg og Bøgata som sentrumsgate
- Ivaretar Bøgata sine mange funksjonar

Del B: Stenge avkøyringar, etablere nye fotgjengarkryssingar og avklare framdrift for ombygging av Bøgata.

Framdriftsplan:

- Oppstart oktober 2017
- Alternativ utforming landa mars 2018
- Endeleg rapport våren 2018
- Gjennomføring av enkle tiltak 2019
- Avklaring av finansiering og framdrift for ombygging innan 2020

Budsjett mulighetsstudiet (del A):

Kostnad (eks. mva)	Finansiering
Konsulent (Asplan Viak)	Tilskott Statens vegvesen
10.000,-	228.000,-
Administrasjon	Eige arbeid Bø kommune
50.000,-	50.000,-
Sum	Eigne midlar Bø kommune
285.000,-	7.000,-
	Sum
	285.000,-

Grensesnitt mot andre arbeidspakker:

Utfyllande opplysningar:

Statens vegvesen var i utgangspunktet ansvarleg for arbeidspakka, men på grunn av koordinering mot områdereguleringsplan for Bø sentrum, overtok Bø kommune ansvaret for arbeidspakka. Resultat av mulighetsstudiet er innarbeid i områdereguleringsplan for Bø sentrum (vedtatt hausten 2018).



Arbeidspakke 10

Måltal for sykkel, gange og kollektivbruk

Ansvarleg: Otto Christian Dahl	Status 22.10.2018: Utsatt oppstart avhengig av framdrift i AP12	Prosjekt: Hovudprosjekt 2018-2020
--	--	---

Innhald og oppgåver:

Det skal fastsettast måltal for auka andel av gange, sykkel og kollektiv, og for reduksjon i lokal biltrafikk. Dette tiltaket krev trafikktal som skil interntrafikk frå trafikk frå eit større omland med Bø som målpunkt. Tala må kunne vise omfanget av biltrafikken som kan erstattast med gange og sykkel. Å skaffe eit godt grunnlag for å fastsette realistiske mål, kriterier for måling av resultat og resultatmål er viktig for prosjektet.

Det har vist seg å vere interesse hos Vegdirektoratet for denne problemstillinga; dvs å utvikle ein type nasjonal standard for reisevaneundersøkelse/statistikk for små byar og mindre stader. Denne arbeidspakka bør spele dette initiativet inn til Vegdirektoratet som ein mulig pilot.

Arbeidspakken inngår i arbeidet med utvikling av indikatorar som del av forskingsprosjektet i arbeidspakke 12.

Leiar:	Arbeidsgruppe:
Mål: Talfeste mål i Bygdepakka og fastsette indikatorer for måloppnåing – med overføringsverdi	
Framdriftsplan:	
Budsjett 2018:	
Grensesnitt mot andre arbeidspakker: - Forskningsprosjektet	
Utfyllande opplysningar: Finansiering: Vurdere på nytt om det er mogeleg å kome med som tillegg i Reisevaneundersøkelsen (ny kommune) for å ha eit sikrare statistikkgrunnlag. Dette vil kreve eigenandel. Det er aktuelt å be om at samfunnesesksjonen i SVV kan bidra inn i dette arbeidet slik dei gjer i Bypakke Grenland.	



Arbeidspakke 11

Mobilitetsstrategi for Midt-Telemark - forprosjekt

Ansvarleg: Otto Christian Dahl, Midt-Telemarkrådet	Status 22.10.2018: Ikke starta opp, ikkje finansiert.	Prosjekt: Forprosjekt 2018-2019
---	--	---

Innhald og oppgåver:

Bakgrunn for forslag om eigen arbeidspakke for å utarbeide ein mobilitetsstrategi for Midt-Telemark ligg i forventningar om tiltak for å knyte den nye kommunen og regionen tettare saman både med omsyn til buss, bane og andre mobilitetstiltak. Arbeidet må sjåast i samanheng med regionale kollektivtilbod på buss og persontrafikktilbod på Sørlandsbanen og Bratsbergbanen. Dagens strukturar og forretningsmodellar for kollektivtrafikk er under press, og det arbeidast med nye måter å organisere, utvikle og tilpasse dagens transportløysingar til framtidsretta og klimavenlege mobilitetsalternativ. På denne bakrunnen kan utarbeiding av ein mobilitetsstrategi også legge til rette for utvikling og utforsking av skalérbare mobilitetsløysingar med overføringsverdi til andre byar, bydelar og tettstader.

I forprosjektet skal det konkret utførast kartleggingar og analyser med tilråding for vidare arbeid i eit hovudprosjekt.

Leiar: Otto Christian Dahl	Arbeidsgruppe: Bø, Sauherad og Nome kommunar, TFK, Operatør Sørlandsbanen, Bussoperatører Telemark
-----------------------------------	---

Mål: Utarbeide forprosjekt for mobilitetsstrategi for Midt-Telemark.

Framdriftsplan: Oppstart hausten 2018. Politisk behandling / SG første halvår 2019 med intensjon om vidareføring i hovudprosjekt.

Budsjett forprosjekt:	Finansiering
Kostnadar	
Konsulenttenester 200.000,-	Bø, Nome og Sauherad – eigenfinansiering 150.000,-
Diverse kostnadar 50.000,-	Telemark fylkeskommune 100.000,-
<u>Administrasjon</u> 150.000,-	Samarbeidspartnerane – eigeninnsats 150.000,-
<u>Sum</u> 400.000,-	<u>Sum</u> 400.000,-

Grensesnitt mot andre arbeidspakker: Alle

Utfyllande opplysningar:

Det er gjennomført arbeidsmøte med TFK (14/8-18) om utforming av prosjektet. Prosjektplan er utarbeida og gjennomgått på arbeidsgruppemøte 14/9-18.

Telemark fylkeskommune og Nome har stadfesta deltaking i arbeidsgruppa. Søknad om finansiering er sendt Nome og Telemark fylkeskommune. Avventar tilbakemelding på desse.

Arbeidspakke 12

Forskningsprosjekt - Tettstedspakker for attraktiv, inkluderende og klimavennlig stedsutvikling

Ansvarleg: Otto Christian Dahl	Status 22.10.2018: Tilslag på søknad til Oslofjordfondet	Prosjekt: Hovudprosjekt 2018-2020
--	--	---

Innhold og oppgåver:

Vi fikk i juni tilslag på forskningssøknaden til Oslofjordfondet for gjennomføring av hovedprosjektet *Tettstedspakker for attraktiv, inkluderende og klimavennlig stedsutvikling* i samarbeid med ei rekke partnærar. Gjennom kunnskapsutvikling i samarbeid med Transportøkonomisk Institutt (TØI), NIBR og Vestlandsforskning har prosjektet som mål å: «*utvikle overførbar metodikk for samordning av areal-, transport- og sentrumspolitikk som fremmer attraktiv, inkluderende og klimavennlig utvikling av norske tettsteder*». Dette skal skje gjennom samskaping mellom offentlege verksemder, kunnskapsmiljø, næringsliv og frivillige. Det er vald ut fire case-kommunar (Sortland kommune, Stryn kommune, Hol kommune og Bø og Sauherad kommuner) Det skal gjennomførast følgjande arbeidspakker i prosjektet:

1. Prosjektleiing (Bø og Sauherad er prosjektansvarlig, TØI er faglig prosjektleder)
2. Undersøkingar og pilot tiltak
3. Undersøke og utvikle hensiktsmessig organisering og samarbeid i tettstadspakker
4. Tiltak og tiltakssammensetting i tettstadspakker
5. Indikatorutvikling for måling av effekt
6. Fagleg syntese og praktisk, overførbar metodikk for utforming av tettstadspakker
7. Formidling

Leiar: Åse Egeland, prosjektansvarleg Otto Christian Dahl, administrativ koordinator Anders Tønnesen, TØI, prosjektleiar forsking	Arbeidsgruppe: I denne arbeidspakka vil det bli oppretta ulike arbeidsgrupper (forskningsgruppe, kommunegruppe nasjonalt og lokale grupper ved gjennomføring).
---	--

Mål: Gjennomføre forskningshovedprosjektet for å utvikle ny kunnskap for utvikling av bygdepakker for attraktiv, inkluderende og klimavennlig stadutvikling.

Framdriftsplan: Prosjektperiode 1/9-18 til 31/8-21

Budsjett: Det er satt av 150.000,- (50.000/år) i eigenfinansiering og 500.000,- i eigeninnsats frå Bygdepakke Bø og Sauherad. Totalbudsjettet for forskningsprosjektet er 7,590mill (Oslofjordfondet: 3.795mill) Total eigenfinansiering: 1.450mill. Total eigeninnsats: 2.345mill.

Grensesnitt mot andre arbeidspakker: Alle

Utfyllande opplysningar: Følgjande partnærar deltek i tillegg til dei som er nevnt over: Roskilde Universitet, Kungliga Tekniska Högskolan, CICERO, Vegdirektoratet, Jernbanedirektoratet, Distriktsenteret, Telemark, Buskerud, Nordland og Sogn og Fjordane fylkeskommuner. I tillegg til lokale partnere (USN og MTNU i Bø).



Arbeidspakke 13

Rettleiande plan for fortetting og offentlege rom (VPFOR)

Ansvarleg: Kristin Karlbon Dahle	Status: Starta	Prosjekt: Hovudprosjekt 2018-2020
--	--------------------------	---

Innhald og oppgåver: Ein veilederende plan for offentleg rom (VPOR) er ein plan som skal sikre ein heilskapleg utvikling av gater og byrom i eit område. VPOR er ikkje forankra i plan- og bygningslova, men er eit verktøy som kan nyttast i tillegg til reguleringsplanar. Planen skal gi utformingsprinsipp for offentleg rom, dvs. gater, parkar, torg og møteplassar. Planen gir også grunnlag for utbyggingsavtaler mellom grunneigarar/utviklarar og kommunen.

For Bø sentrum er det nyleg utarbeidd ny områdereguleringsplan, der mange av dei overordna vurderingane som normalt vert gjort i ein VPOR allereide er gjort. Det er lagt opp til høg grad av fortetting, og det det er behov for er føringar for utforming av offentlege rom og for korleis fortetting skal skje. Det skal difor utarbeidast ein VPFOR med føringar for og døme på:

- Prinsipp for gateutforming (tversnitt) basert på vegnormen
- Prinsipp for materialbruk og utforming (torg, fortau og uteområde)
- Prinsipp for utforming ved fortetting i bustadområde
- Prinsipp for utforming ved fortetting innanfor sentrumsformål
- Møblering
- Prinsipp for beplanting (trær, busker)
- Prinsipp for overvannshandtering – bruke overvann som kvalitet i uterom

Dersom finansiering, skal det i arbeidet sjåast nærmare på utforming av byrom som får ny bruk når avkjøyringar frå Bøgata stengast.

Leiar: Kristin Karlbon Dahle	Arbeidsgruppe: Kristin Karlbon Dahle, Hilde Pedersen, Lene Hennum (TFK), Sentrumsringen, repr. for teknisk Ressurser: Fylkeskommunalt nettverk
--	--

Mål: Politisk vedtatt veileder for fortetting og offentlege rom.
--

Framdriftsplan:
<ul style="list-style-type: none"> • 1.halvår 2019: <ul style="list-style-type: none"> ○ Utarbeide kravspesifikasjon og anbodsutlysing ○ Utarbeiding av analyse, medverknad med grunneigarar av utvalte område ○ Politisk drøfting av mellomleveranse • 2.halvår 2019 <ul style="list-style-type: none"> ○ Sluttleveranse ○ Politisk behandling

Budsjett: <u>Kostnad</u> Konsulenttenester 250.000,- <u>Administrasjon</u> 50.000,- Sum 300.000,-	Finansiering Tilskott Tfk 150.000,- Eigne midlar Bk 100.000,- Eige arbeid BP 50.000,- Sum 300.000,-
--	--

Grensesnitt mot andre arbeidspakker: Studie Bøgata

Utfyllande opplysningar: Fortettingsanalyse for Bø sentrum, mulighetsstudie for Bøgata og områdereguleringsplan for Bø sentrum skal leggast til grunn for arbeidet. Omfattar i første omgang Bø sentrum, men kan utvidast til også å gjelde Gvarv med auka finansiering. Gardeigarforening er førebels ikkje etablert i Bø sentrum, og Sentrumsringen inviterast difor med i arbeidet.
--

Arbeidspakke 14

Strategi, styring og kommunikasjon

Ansvarleg: Hilde Pedersen	Status 29.10.2018: Fokus på delfinansiering av arbeidspakkene og kommunikasjonsstrategiske grep.	Prosjekt: Hovedprosjekt 2018-2020
-------------------------------------	--	---

Innhald og oppgåver:

- Kommunikasjon mot media og innbyggjarar
- Innbyggarmedverknad
- Risikovurdering og interessentanalyse - oppfølging
- Forankring og kommunikasjon inn mot samarbeidspartane – forståing, eigarskap og samskaping
- Finansiering av utgreiings-, bygge- og driftstiltak internt og eksternt
- Sikre at tiltak innarbeidast i kommunane og aktuelle partnarar sine drifts- og investeringsbudsjett og handlingsplanar
- Alternative og eksterne finansieringskjelder
- Utgreie internasjonale prosjekt og finansieringskjelder; Interreg og KASK/ØKS m.fl.
- Rapportering og framdrift

Leiar: Hilde Pedersen	Arbeidsgruppe: Kristin Karlbon Dahle, Otto Christian Dahl, Sindre Flø og representant for Sauherad kommune (prosjektgruppa)
---------------------------------	---

Mål:

Bygdepakka skal sette eit tydeleg avtrykk hos innbyggjarane og hos samarbeidspartane for å sikre god måloppnåing

Budsjett 2019:		
<i>Kostnadar</i>		<i>Finansiering</i>
Løn	1.000.000,-	Sauherad kommune
Administrasjon/drift	100.000,-	400.000,-
Til disposisjon egenandeler B og S k	100.000,-	<u>Bø kommune</u>
<u>Sum</u>	<u>1.200.000,-</u>	<u>800.000,-</u>
		<u>Sum</u>
		<u>1.200.000,-</u>

Utfyllande opplysningar:

- Strategisk arbeid inn mot samarbeidspartane på fleire nivå gjennom styringsgruppe, arbeidsgruppe og politiske organ
- Strategisk arbeid med synleggjering av suksess og samarbeid
- Fokus på langsiktig arbeid, medverknad, læring og deling
- Fokus på overføringsverdi til andre – delta i regionale og nasjonale fora



Prosjektstyring og oppfølging

Rapportering

Det blir utarbeidd detaljert budsjett og framdriftsplan for kvar av arbeidspakkene fortløpande. Dette blir samanfatta i ei prosjektmatrise som arbeidsgruppa (AG) og prosjektgruppa (PG) skal følgje opp. Prosjektansvarleg blir orientert/konsultert ved behov.

BP nr.2	Dato: 21.09. 2017	Namn: Styringsgruppe
Kva skal avgjerast: Vidareføring i hovudprosjekt. Dokumentasjon: Hovudprosjektplan.		
BP nr.3	Dato: 11.12. og 14.12. 2017	Namn: Kommunestyra i Bø og Sauherad
Kva skal avgjerast: Vedtak budsjett og økonomiplan 2018-2020 med finansiering av prosjektleiarressurs 3,6 mill i perioden 2018-2020. Dokumentasjon: Budsjettdokument Bø og Sauherad kommunar		
BP nr.4	Dato: 2.3. 2018	Namn: Styringsgruppe
Kva skal avgjerast: Revidert hovudprosjektplan i tråd med faktiske økonomiske rammer. Dokumentasjon: Revidert hovudprosjektplan signert		
BP nr.5	Dato: 29. oktober 2018	Namn: Styringsgruppe
Kva skal avgjerast: Revidert hovudprosjektplan. Dokumentasjon: Revidert hovudprosjektplan signert		
BP nr.6	Dato: Mars 2019	Namn: Styringsgruppe
Kva skal avgjerast: Revidert hovudprosjektplan i tråd med faktiske økonomiske rammer. Dokumentasjon: Revidert hovudprosjektplan signert		
BP nr.7	Dato: Oktober 2019	Namn: Styringsgruppe
Kva skal avgjerast: Revidert hovudprosjektplan i tråd med faktiske økonomiske rammer. Dokumentasjon: Revidert hovudprosjektplan signert		
BP nr.8	Dato: Mars 2020	Namn: Styringsgruppe
Kva skal avgjerast: Revidert hovudprosjektplan i tråd med faktiske økonomiske rammer. Dokumentasjon: Revidert hovudprosjektplan signert		
BP nr.9	Dato: Oktober 2020	Namn: Kommunestyre (PE)
Kva skal avgjerast: Sluttrapport Dokumentasjon: Sluttrapport		



Kommunikasjonsstrategi


Bygdepakkja legg opp til god kommunikasjon og medverknad i prosjektet, ikkje minst for å sikre god forankring, forståelse, eigarskap og samskaping hos samarbeidspartane, andre aktørar og hos innbyggjarane. Dette er heilt avgjerande for å nå prosjektmåla som i hovudsak er avhengig av endra haldningar og endra praksis hos befolkninga. Konkrete eksempel på krevjande endring av vaner: Å erstatta hushaldninga sin bil nummer 2 med elsykkel eller å organisere samkøyring til jobb og fritidsaktivitetar.

Bygdepakka orienterer seg mot mange ulike interesser og målgrupper:
Samarbeidspartane, media, næringsliv, reiseliv, grunneigarar, høgskulens tilsette og studentane, tilsette i kommunane, skulane, andre offentlege arbeidsplassar og institusjonar og befolkninga generelt.

Målgruppene skal ha til å delta: å mine, kommentere og få svar på spørsmål. Bygdepakka ønskjer å legge til rette for at alle målgruppene skal kunne kome med sine innspel og ha rask og enkel tilgang til informasjon.

Hva fungerer dårlig i Bøgata?

Hva er bra med Bøgata?



Hovedmålet for kommunikasjonsstrategien er å sikre at alle målgruppene, interne og eksterne, får relevant og god informasjon om arbeidet i Bygdepakke Bø og Sauherad. Prosjektet skal:

1. Informere og kommunisere aktivt med publikum og media
 2. Basere kommunikasjonen på openheit og publikums behov
 3. Legge til rette for medverknad
 4. Vektlegge god intern og tverrfagleg kommunikasjon

Interessentanalyse

Prosjektgruppa har starta med ein kartlegging av ulike interesser og deira ulike interesser og behov. Bygdepakka er avhengig av eit gjensidig forpliktande samarbeid med partnarane på ulike organisasjons- og forvaltningsnivå og med ulike fagavdelingar. Forankring, avgjerd og medverknad er stikkord her. Det vil bli gjennomført ein workshop i arbeidsgruppa våren 2018 for å prioritere tiltak i ein handlingsplan.

Risikoanalyse

Prosjektgruppa har gjennomført ein enkel risikoanalyse og har kome fram til ni faktorar som kan vere eit hinder for gjennomføring av prosjektet. Prosjektgruppa har gjort ei vekting av sannsynlighet og konsekvensar, og på bakgrunn av denne vektinga legg vi fram seks prioriterte avik med eit sett av tiltak som på kort sikt kan hindre uønska konsekvensar. Det vil bli rapportert på tiltaka i revidert prosjektplan kvart år.

Avvik	Tiltak	Ansvar	Frist
1) Manglende forståelse for prosjektet og oppfølging av arbeidspakkene hos partnerne i prosjektet	1)Presentasjon av prosjektet på ledernivå hos partnerne 2)Forpliktende avtaler med partnere i hver arbeidspakke 3)Orientering i kommunestyrrene og i fylkestinget. Orientering i folkemøte i samband med ny samfunnsdel for Midt-Telemark kommune, bruke lokalpresse og være til stede. Formidling gjennom grendelagsturné. 4)Utarbeide kortfatta versjon oppsummert kunnskapsportefølje.	Prosjektleder og ledere for aktuelle arbeidspakker.	Oppstart mars 2018 - første halvår 2018
2) Manglende finansiering av prosjektet og arbeidspakkene	1)Dokumentere og synliggjøre gode resultat underveis 2)Skrive gode søknadar 3)Bruke riksmedia	Prosjektleder	Oppstart mars 2018 - fortløpende
4) Manglende oppslutning om prosjektet hos innbyggerne og studenter	1)Tydelig og målrettet markedsføring av kampanjar 2)Gjøre informasjon lett tilgjengelig – kommunikasjonsstrategi.	Prosjektleder i samarbeid med prosjektgruppa	Oppstart mars 2018 - fortløpende
6) Manglende forankring av prosjektet hos næringslivet, gårdeiere og grunneiere	1)Årlig åpne møte om sentrumsplanlegging. 2)Involvere næringsliv, gårdeiere og grunneiere i planarbeid og arbeidspakker	Arealplanlegger og lederer for aktuelle arbeidspakker	Oppstart første halvår 2018
7) Manglende forankring og oppfølging av prosjektet i egen driftsorganisasjon	1)Skape areaner for god dialog mellom prosjektgruppa/ arbeidsgruppa og de respektive enheter og fagavdelinger. 2)Bidra til å utvikle kultur for tverrfaglig samarbeid.	Representantene i arbeidsgruppa	Oppstart 2018 - fortløpende
8) Manglende samsvar mellom nasjonale føringer og skjønnsmessige vurderinger	Invitere til fagseminar på tvers av etater og nivå	Prosjektleder i nært samarbeid med arbeidsgruppa	Andre halvår 2018
9) Manglende fokus og kapasitet for oppfølging på grunn av at alle aktører i styringsgruppa er i krevende reformprosesser framover.	1)Strukturerte og godt forberedte møter 2)God informasjon og kontakt 3)Gjensidig tillit	Alle	Fortløpende

Signert prosjektplan

Bø, 29.10. 2018

Åse Egeland, prosjektansvarleg

Hilde K. Pedersen, prosjektleiar